

Rekordjamnt og god stemning på quiz på Oska.

02.04.2016



Glade vinnarar kan glede seg til ein velsmakande middag av Smakfråkvalitet

Det kunne vere plass til fleire lag, men elles klaffa alt då det vart arrangert quiz og ølsmaking på Oska fredag kveld. Spenninga var stor, konkurransen i toppen var svært jamn, og det måtte ekstraomgangar til før laget Pilsens venner sikra seg sigeren og premien som var herleg middag til heile gjengen.

Quiz-kvelden var svært godt førebudd, og quiz-master Sammy Myklebust stilte med 6 spørsmålsrundar som på ein eller annan måte hadde ei finurleg tilknytning til øltypen som vart servert til kvar runde. Likevel var det først og fremst allmennkunnskap, og ikkje ølkunnskap, som vart stilt på prøve. Her var det spørsmål innan historie, literatur, musikk, sport, ja, med god variasjon innan heile spekteret. Sjølv om underteikna sine ølkunnskapar er enkle og begrensa, klarte eg faktisk ein god del av spørsmåla. Eg syntes utvalet var både spennande og interessant!

Eg tar med nokre døme. Under kategorien **Nøgne Ø - Saison** var eit av spørsmåla:

-Saison betyr sesong og det er da naturlig å spørre hvem som hadde en hit med "Seasons in the sun"? Ein treng ikkje vera mykje ølspesialist for å hugsa at det var Terry Jacks som stod bak denne landeplaga ein sommar for mange år sidan.

Under **Nøgne Ø - Brown Ale** presenterte quizmaster Sammy Myklebust dette som eitt av dei 5 spørsmåla:

-Barne-TV: I en serie basert på bøker av Elsa Beskow hadde vi Tanta Brun og to tanter med andre farger i navnet. Hvilke? (Begge)

Under **7 Fjell - Kniksen(India Red Ale)** var eit av spørsmåla kva skotsk klubb Kniksen spela for, og under **7 Fjell - Ulriken (Dobbel IPA)** var dette presentert:

Jeg tog min nystemte Cithar i Hænde;

Sorgen forgik mig paa Ulrikens Top,

heter det i sangen, men hvem skrev teksten?

Eg er imponert over breidde og spennvidde i dei 30 spørsmåla. Her var noko for alle I tillegg var det tradisjonen tru eit biletark, og på dette var det naturleg nok logoar.

Då heile runden var gjennomført stod dei to laga **Pilsens venner** og **Humlepungane** helt likt. Tre ekstraspørsmål måtte til før ein fekk kåra vinnar, og det vart **Pilsens venner** som til slutt kunne sleppa jubelen laus. Dei kan glede seg til ein herleg middag. Det var nemleg premien.

Elles vert det meldt om svært god stemning både under konkurransen, og etter den var ferdig. Kvelden vart gjennomført på ein glimrande måte. Den levde opp til kvaliteten som pregar det som føregår på Oska.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Sammy Myklebust.